

SVEIO KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag **22. januar 2012** blei det halde møte i Sveio kontrollutval under leiing av utvalsleiar Håkon J. Skimmeland.

MØTESTAD:	Glasburet, Sveio kommunehus
MØTESTART/-SLUTT:	kl.18.00 – kl. 19.25
MØTANDE MEDLEMMER:	Håkon J. Skimmeland (Ap), Oddbjørg Hovland (MDG/SV) og Tor Røkenes (V)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Lars Vierdal (Sp), Kåre Ekrene (H) under sak 3/13
FORFALL:	Kristi Henden Tveitaskog (Sp) og Andreas Bårtvedt (H)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partner Trond Kampen, KPMG AS
ANDRE SOM MØTTE:	Kommunalsjef IKT og utvikling Kenneth Tollefsen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 27.11.12

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 27.11.12 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 22.01.13:

Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.01.13:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 27.11.13 blir godkjent slik han føre.

SAK 2/13 REFERATSAKER 22.01.13

1. FKT-nytt – medlemsbrev 2/12

Handsaming i kontrollutvalet 22.01.13:

Utvalet uttrykte ønske om å kunne delta på fagkonferansar. Leiar opplyste at ordførar hadde bedt han møte administrasjonen 04.02.13. Budsjett for kontrollutvalet og rammene for kontroll og tilsyn er tema. Utvalet vil bli informert i etterkant av møtet. Lovendringa om opne dører gjeld frå 2014 og det virka som utvalet vil fortsette med ha lukka møte til då.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.01.13:

Kontrollutvalet tar referatsak 1 til orientering.

SAK 3/13 UTKAST TIL PROSJEKTMANDAT FOR FORVALTNINGSREVISJON - HELSE OG OMSORG

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet innan Helse og omsorg – kor revisor kjem med oppsummering og framlegg til problemstillingar for delprosjekt 2 i neste møte - i tråd med det utkastet til prosjektmandat som ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 22.01.13:

Leiar og revisor orienterte om utkast til prosjektmandat. Mandatet er todelt og i fyrste del ligg det kartlegging/identifisering. Hovudarbeidet vil ligge i del 2. Utvalet meinte det var viktig og samanlikne med andre kommunar. Vidare ga utvalet uttrykk for at dei hadde store forventningar til prosjektet. Utvalet slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.01.13:

Sveio kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet innan Helse og omsorg – kor revisor kjem med oppsummering og framlegg til problemstillingar for delprosjekt 2 i neste møte - i tråd med det utkastet til prosjektmandat som ligg føre.

SAK 4/13 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING 2012

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Sveio godkjenner årsmelding for 2012. Årsmeldinga vert oversendt kommunestyret til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 22.01.13:

Utvalet hadde ingen merknader til utkastet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.01.13 og innstilling til kommunestyret:

Kontrollutvalet i Sveio godkjenner årsmelding for 2012.

Årsmeldinga vert oversendt kommunestyret til orientering.

SAK 5/13 RUTINAR/SYSTEM FOR PERSONALOPPLYSNINGSHANDTERING I SVEIO KOMMUNE

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval tar rådmannen si orientering om rutinar/system for personopplysningshandtering i Sveio kommune til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 22.01.13:

Kommunalsjef IKT og utvikling Kenneth Tollefsen orienterte. Tema er vidt og omfattar mye lovstoff. Datatilsynet er ein støttespelar. Dette er overordna leiaransvar som Sveio jobbar kontinuerlig med. Dei har fokus både på fysisk tilgang (nøklar /kort) og IT-sikkerheit (sikker sone, ulike filtre, kultur). Det er viktig å utvikle strategiar og nye rutinar. Sveio nyttar kvalitetssystem og digitalt avvikssystem. Han meinte sikkerheit må prioriterast og ikkje gjere kompromissar. Opplæring er og viktig. Utvalet stilte spørsmål, som det blei svara på.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.01.13:

Sveio kontrollutval tar kommunalsjefen si orientering om rutinar/system for personopplysningshandtering i Sveio kommune til orientering.

SAK 6/13 STATUSOVERSIKT OVER KONTROLLUTVALET SINE PROSJEKT PR JANUAR 2013

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval tar statusoversikten for januar 2013 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 22.01.13:

Oversikten er laga for og halde oversikt over prosjekta i dei ulike kommunane.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.01.13:

Sveio kontrollutval tar statusoversikten for januar 2013 til orientering.

SAK 7/13 PLAN FOR ORIENTERING OM STØTTE- OG RESULTATEININGANE

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om støtte- og resultateiningane i 2013:

22.01	kommunalsjef IKT og utvikling
16.04	teknisk sjef (også årsrekneskap m/økonomisjef og revisor)
11.06	kommunalsjef oppvekst og kultur
10.09	kommunalsjef helse og omsorg
19.11	rådmannen (budsjettframlegg og økonomiplan)

Handsaming i kontrollutvalet 22.01.13:

Utvalet var nøgd med framlegget og slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.01.13:

Sveio kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om støtte- og resultatføringane i 2013:

- 22.01 kommunalsjef IKT og utvikling*
- 16.04 teknisk sjef (også årsrekneskap m/økonomisjef og revisor)*
- 11.06 kommunalsjef oppvekst og kultur*
- 10.09 kommunalsjef helse og omsorg*
- 19.11 rådmannen (budsjettframlegg og økonomiplan)*

EVENTUELT

Neste møte

Neste møte er sett til **16. april** kl. 18.00 for handsaming av årsrekneskapen. Det krev at revisor har levert revisjonsmelding. Det inneber at kommunen må gjere sitt til å få dette til. Vidare handsaming vil då vere formannskapet 22. april og kommunestyret 6. mai.

Sveio/Aksdal, 22. januar 2013

Håkon J. Skimmeland
Kontrollutvalsleiar (sign.)


Toril Hallsjø
utvalssekretær